

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 20.08.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Ole Gisle Vassel og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Sigmund Eiken, Jan-Tore Huus og Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

Sak 2019/44: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/45: Godkjenning av referat frå styremøte 04.06.19; godkjent

Sak 2019/43: Registrering av dugnadstimar: Gunnar har laget et enkelt skjema som er utdelt til styret og vil bli lagt som fil på Herand.no.

Sak 2019/46: Tilstellingar:

- Evaluering av Herandshelg / jonsokfeiring; Mindre folk enn tidlegare. Dårleg ver. Oppsummering frå bygdelaget er at det er dags å la Herandshelg gå ut om ikkje styret og bygda har nokon som vil dra i gong igjen om to år, og det vert nytt innhald i arrangementet. Jonsokfeiringa er viktig å halde på, ein vidarefører ordninga med feiring med jonsokbrurefølge og fest i båthamna/badeplass.
- Planlegging av oppsummeringsmøte for turistsesongen – innkalling, tidspunkt, mat? Tysdag 24.09.19 kl. 19.00 i matsalen på kulturhuset. Ope for alle interesserte, men tilbydarar i turistnæringa i Herand inviterast spesielt, i tillegg inviterast Juklafjord, Fonna og Reisemål Hardangerfjord.
- Andre tilstellingar – basar, ansvar for førebuing. Det kom forslag på planleggingsmøtet i januar at julefesten 2. dag og bygdelagsbasaren 5. dag skulle slås saman til eit felles arrangement. Dette forslaget vil ikkje styret følgje opp, og det vil bli juletreffest og basar kvar for seg på dei vanlege dagane. Men start gjerne innsamling av gevinstar. Saka vert vidareført til alle haustens møter.

Sak 2019/47: Eigedomar:

- Område rundt Nilsaflaten / badestrand / Meieriet – statusrapport. Kommunen har ikkje formelt overteke grunnen enda, men Trygve Vik seier at dette er nært føreståande.
- Lagerrom – statusrapport; saka står litt i stampe.
- Oppfølging av gjennomgang av brannvern; Brannsjef i Jondal Kommune, Georg Kvåle, var 5. juni på ein gjennomgang av Herand kulturhus for å sjå på brannsikkerheita på huset. Ingen alvorlege avvik vart oppdaga, men han la fram forslag til nokre utbetringar. Bygdelaget vil hente inn tilbod på årleg tilsyn av sløkkjeutstyr og laging av oversiktskart over kvar etasje som viser rømingssveggar og sløkkjeutstyr. Merking av rømingssveggar oppdaterast. Styret vil snakke med dei andre lagshusa i bygda, og sjå på om brannverntilsyn er noko som kan samarbeidast om.
- Anna vedlikehald. Beising av leskur og uteskytja fortset. Vanskar med overvatn i akebakken, grusen vaskast vekk når det regnar.

- Fleire vedlikehaldsprosjekt på kulturhuset framover som må lages oversyn over og prioriterast. Dette vert sak på møtet 17.09.19.

Sak 2019/48: Økonomi/søknader/fristar etc.:

- Økonomisk status; kasserer gjennomgjekk bevegelsar gjennom sommaren.
- MVA-kompensasjon, søknadsfrist 1. sept.; Kasserar ansvarleg, Gunnar informerer om tidlegare søknader/prosess.
- Andre søknader. Vurderast på neste møte i samband med prioritering av prosjekt.

Sak 2019/49: Ymist:

- Kurs Frivilligsentralen 11.06. Tema var rekruttering og ivaretaking av frivillige. Angunn og Kaia var med på temakvelden.
- På infomøte om kraftverk før det starta opp, vart det sagt at Obos «ga tilbake» av sitt overskot, og at lag / prosjekt i bygda kunne søke om støtte. Musikklaget har prøvd, men fått nei med beskjed om at Obos ikkje har prosjekt her. Av Obos Energi sin firmainformasjon går det fram at dei har mange andre mindre kraftprosjekt rundt om i landet, men at Obos sin støtte til lokale tiltak altså ikkje blir retta mot desse stadane. Skal bygdelaget engasjere seg på vegne av bygda og seie at bygda kjenner seg snytt? Gunnar lager utkast til eit brev der vi stiller spørsmål med ordninga og informasjonen rundt den.

Sak 2019/50: Eventuelt/andre saker:

Ingen saker.

Neste styremøte tysdag 17.09.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.